



REGIONRÅDET
VEST

STYREMØTE 04.06.12

Strusshamn kl. 09:00-12:00

09/12	<p>Referat frå møtet 23.01.12</p> <p><u>Konklusjon:</u> Referatet vert godkjent</p>
10/12	<p>Næringsplanarbeidet ó Status</p> <p>Det vert vist til handsaming av næringsplanarbeidet i dei to førre møta. Nærings sjef Bård Sandal og Rådgjevar Totland frå BRB vil gje ein statusrapport over prosjektarbeidet så langt.</p> <p>Det vert elles vist til vedlagte dokument i saka.</p> <p><u>Konklusjon.</u> Statusrapporten vert teken til etterretning.</p>
11/12	<p>Sjølvsbyggjarprosjektet</p> <p>Styret i Regionrådet Vest har ved fleire høve drøfta eit eventuelt sjølvsbyggjarprosjekt i samarbeid med Husbanken etter ein modell som for ein del år sidan vart lansert i Meland kommune. Prosjektet går som kjent ut på at innsette/vanskelegstilte får høve til å engasjera seg med å byggja sin eigen bustad som ein viktig lekk i rehabiliteringa.</p> <p>Utfordringa med å lansere eit slikt prosjekt på ny, har m.a. vore å tilpassa seg offentleg innkjøpslovgeving/reglar og dessutan å tilpassa seg ny Plan og bygningslov.</p> <p>Frå møte 23/11 -11 heiter det: <i>Målgruppa er personar med spesielle vanskar, som finne det vanskelig å etablere seg på bustadmarknaden. Sjølvsbyggjarane vert engasjert i planlegging og praktisk arbeid knytt til oppføring og rehabilitering av eigen bustad.</i></p> <p><i>Nye rammevilkår (endringar i plan- og bygningslova, finansieringsordninga i Husbanken og LOFA m.v.) gjer det naudsynt å tenkja nytt. Viktig å fristille byggjeprojekt frå kommunane, dvs. organiserast på annan måte enn sjølvsbyggjarprosjektet i Meland kommune ó der sjølvsbyggjarprosjektet har sitt opphav.</i></p> <p>Styret slutta seg til framdrifta i saka</p> <p>Seinare har ein fått vedlagte statusrapport frå prosjekt som vart handsama i rådmannsmøte 26. mars d.å.</p> <p>Rådmannsmøte uttalar uttalar m.a.: öEndra prioriteringar i Husbanken gjer at det ikkje lenger er aktuelt å satse på sjølvsbyggjarprosjektet. Prioriterer samhandling om rus og psykiatri. For dei mest krevjande brukarane er det nødvendig med samarbeidí ..ö</p>

	<p>Rådmennene peika vidare på eit eventuelt samarbeid med Helse Bergen i denne lei på bakgrunn av ledige lokale i som Blå Kors tidlegare nytta på Askøy.</p> <p>Prosjektleiar Torgeir Sæter har arbeidd vidare med denne justerte retninga på bustadprosjektet og har i sitt notat dagsett 4. mai 201 skissert ei justering prosjektet i retning av Rusomsorg og lagt opp ei avklarande framdrift for prosjektet. <u>Jfr. vedlegg, avsnitt Rusomsorg.</u></p> <p>Rådmennene handsama notatet i sitt siste møte og slutta seg til innhald og framdrift.</p> <p><u>Konklusjon:</u> Styret i Regionråd Vest har merka seg endringa i öSjølvbyggjarprosjektetö og sluttar seg til den justerte kurs med innhald og framdrift..</p>
12/12	<p>Betre saman for barna</p> <p>Prosjektleiar Torgeir Sæter har teke over dette prosjektet grunna sjukdom.</p> <p>Vedlagt fylgjer ein statusrapport i prosjektet i notat dagsett 4. mai 2012. Samarbeidsprosjekter ó Status og avklaringar.</p> <p><u>Konklusjon:</u> Styret tar statusrapporten til etterretning.</p>
13/12	<p>Plan og byggesak</p> <p>Styret har tidlegare vedtatt at det skal arbeidast vidare med prosjekt innan byggesak. Det har vore ein del møte og også rapportering til styret om planlagt arbeid, men kapasiteten og høgt arbeidspress har gjort fokuset på prosjektet noko mindre enn ynskjeleg.</p> <p>Prosjektet/prosjekta innan både plan og byggesak er veldig sentrale i eit samarbeid mellom kommunane. Ein kan utvida prosjektarbeidet i det omfang det er politisk interesse for. Arbeidet er strategisk og gjev høve til framtidig samarbeid og rollefordeling i vid forstand om ynskjeleg. Finansieringa av prosjektet er akkurat no rimeleg god.</p> <p>Kapasiteten i prosjektarbeidet er no endra i og med at prosjektleiar Torgeir Sæter er motoren i prosjektet. Han har strukturert prosjektarbeidet slik det er skissert i vedlagte notatet over. Rådmennene slutta seg til status med mål og innhald i sitt møte 14. mai d.å.</p> <p><u>Konklusjon</u> Styret er nøgd med at dette prosjektet no vil få betre framdrift og sluttar seg til prosjektet sitt mål og innhald.</p>
14/12	<p>Vedtektene i regionrådet</p> <p>I sist styremøte var det til førehaving sak omkring vedtektene. Styret hadde bede om ei sak der ein ynskte å vurdere kostnadsdelinga mellom kommunane nærare.</p> <p>Styret gjorde i møte vedtak om å utsetja saka til neste styremøte.</p> <p>Fylgjande utgreiing vart lagt fram i sist møte:</p> <p>Bakgrunn Styret har bede om ei sak om den økonomiske delingsnøkkelen for utgifter i Regionrådet. Område som må avklarast er :</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Fordeling av utgifter til sekretariat ○ Medlemskontingent ○ Modell for deling av andre kostnader

	<p>Gjeldande vedtekter er vedtekne av dei fire kommunestyra.</p> <p>Saksopplysningar Praksis, dei to åra som har gått, er at alle driftskostnader blir fakturert kommunane med 50% etter folketal og 50% flatt. Dette gjeld alle driftsutgifter utanom sekretariatskostnadene. I praksis gjeld det hovudsakeleg utgifter til prosjektarbeid. Ordninga er slik organisert at dei som har utgiftene sender avrekning til dei andre kommunane for kvart prosjekt. Alle prosjekta har ein öeigarkommuneö som syter for mellombels finansiering og så avrekning andsynes dei andre.</p> <p>§ 4 i vedtektene har vore tolka slik at kostnadane til sekretariat har vore dekt av den kommunen som har hatt leiar i regionrådet. Såleis har Øygarden kommune fullt ut dekt utgiftene i 2010 og 2011. Sekretariatet er både den sekretariatsfunksjonen som er knytt til arbeidet i regionrådet og den løyvde 20% stillinga inn mot sekretariatet for samhandling med Helse Bergen. Dette siste har på grunn av samhandlingsreforma og arbeidet med avtalar mellom kommunar og helseføretak, frå hausten 2011 og ut første halvår 2012 blitt ei mykje større oppgåve enn forventa.</p> <p>§ 5 gjeld medlemskontingent og modellen for denne. Så langt har det ikkje vore kravd medlemskontingent frå kommunane, det gjer også at det heller ikkje er lagt budsjett for regionrådet. Det er såleis i tråd med ei organisering som er optimalt flat.</p> <p>Erfaringar frå andre regionråd Det er ulike finansieringsmodellar for interkommunale samarbeid rundt omkring i landet.</p> <p><u>Salten Regionråd</u>, som er samansett av 9 kommunar har ei ordning med kostnadsdeling etter folketal.</p> <p><u>Nord-Gudbrandsdal</u> som er ein region med 6 kommunar har ei ordning med deling av kostnadene der 50% vert delt etter folketal medan 50% vert delt likt.</p> <p><u>Samarbeidsrådet for Sunnhordland</u> er eit IKS og er samansett av 8 kommunar. Kostnadene vert dekkja med eit likt grunntilskot frå kvar kommune og eit tilleggstilskot pr. innbyggjar i kvar kommune. For 2012 er tala kr. 5.000,- pr. kommune og kr. 20,- pr. innbyggjar. I tillegg kr. 2,- pr innbyggjar som skal gå til eigendel prosjektarbeid.</p> <p>Når det gjeld <u>ordinært medlemskap i KS</u> vert dette godtgjort for 2012 med kr. 27,23 pr innbyggjar og eit grunnbeløp på kr. 71.900. pr. kommune.</p> <p>Saka omkring økonomiordning i Regionrådet vert med dette lagt fram for drøfting i sak om Vedtekter.</p> <p>Saka vert med dette lagt fram på ny.</p>
15/12	<p>Regional transportplan</p> <p>Regional Transportplan er nyleg sendt m.a. til kommunane og regionråda til uttale. Fristen er sett til 30. juni 2012. Plandokumentet er kjent for kommunane og vert ikkje lagt ved som prenta vedlegg.</p> <p>I dokumentet vert det peika på dei nasjonale føringane:</p> <ul style="list-style-type: none"> - öStatlige, regionale og kommunale planprosesser som omhandler samferdsel samordnes, og at fylkeskommunene og kommunene har en aktiv rolle i statlig transportplanlegging - Fylkeskommunene som den nye store vegeieren i Norge bidrar aktivt til å følge opp miljømålene i samferdselpolitikken. - Areal- og transportplanleggingen samordnes slik at behovet for transport reduseres og grunnlaget for klima- og miljøvennlige transportformer styrkes. Planleggingen av sykkel- og gangveier vektlegges. - Klimagassutslipp, luftforurensing og støy reduseres og forebygges, og at det taes hensyn til klimaendringer i planlegginga av ny infrastruktur. - Det taes hensyn til næringslivets transport og at virksomheter som skaper tungtransport

- lokaliseres til områder med god tilgjengelighet til hovedvegnett, jernbane og havner.
- Fylkeskommunene og kommunene i samarbeid med statlige fagmyndigheter bidrar til godsterminaler og havner utvikles som effektive logistikkutepunkt, og at det i planleggingen av sjøområder taes hensyn til farleden for skipstrafikken.
- Infrastruktur for kollektivtrafikken, gang,- og sykkelvegnett og utbyggingsmønster vurderes i sammenheng for å øke tilgjengeligheten for alle brukere, og at planlegginga bidrar til et sammenhengende og universelt utformet gangnettö.

Dokumentet legg opp til fylgjande mål for planarbeidet tufta på nasjonale og regionale føringar:

- Transporttilbodet skal bidra til positiv verdiskaping og sikra robuste bustad- og arbeidsmarknadsregionar.
- Bergensområdet skal ha eit transportsystem og eit utbyggingsmønster som gjev god tilgjenge til viktige reisemål, og effektiv transport til brukarane.
- I distrikta skal transporttilbodet gje betre framkome og reduserte avstandskostnader.

Transporttilbodet skal samstundes bidra til:

- å betre trafikktryggleik og å redusera risikonivå, med særleg vekt på skredsikring.
- Å oppnå viktige klima- og miljøpolitiske mål.
- Å sikre tilgjenge for alle (universell utforming).

Transportplanen sitt Handlingsprogram har i del 1 eit oversyn over planlagde plantiltak. Her har Fylkeskommunen lagt opp til eit vidfemmande planarbeid som ivaretek ansvaret på ein grundig måte.

Det er viktige prosessar som det er nyttig å vera delaktig i.

Nokre av planane vil vera viktigare for Regionrådet Vest enn andre. Ein peikar særskilt på:

- Tiltak 6.1.1. Samordna areal og transportplan. Denne vil vera grunnlaget for mykje av arbeidet som skal gjerast.
- Tiltak 6.1.3. Regionpakke Bergen vil sjølvstø Region Vest vera ein naturleg og vesentleg aktør i.
- Tiltak 5.1.1/6.1.2. Ny kollektivstrategi vil etter nasjonale føringar vera langt viktigare enn nokon sinne.
- Tiltak 4.3.1. Utvikling av regionsentra som trafikale knutepunkt vil ha brei fokus på næring og tenester.
- Tiltak 4.1.1. Strekningsvise utgreiingar for overordna fylkesvegnett er det strategisk viktig å vera involvert i
- Deltema 4.4. Gang- og sykkelveggar vil få auka fokus.

Region Vest som femnar om kommunane Askøy, Sund, Fjell og Øygarden gjennomgår ei rivande utvikling med stor auke i næringsverksemd og folkesetnad.

Regionen har naturleg nok eit omfattande og aukande transportbehov

Det største og viktigaste sambandet som ein er oppteken av i Vest er nytt Sotrasamband. Dette er omtala og fremja i Nasjonal Transportplan som for tida er under handsaming.

Styret viser til plandokumentet og seier seg glad for prosjekta som er fremja for regionen og omland både i Handlingsprogrammet 2013 ó 2017 og i omtale for perioden 2018 - 2024.

Styret seier seg glad for det omfattande planarbeid det er teke initiativ til og ein ser det som viktig og føremålstenleg å arbeida mot felles løysingar for Region Vest i desse prosessane. Ein peikar særskilt på planane nemnt ovanfor som prioritert for Region Vest sitt vedkomande.

Utfordringane er omfattande på ei rekkje områder og Regionrådet Vest peikar på at løyvingane til fylkesvegnettet lyta aukast monaleg for å oppnå ei offensiv og tenleg utvikling

	<p>Regionrådet Vest syner til dei einsskilte kommunane sine framlegg og vil elles for peika på fylgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Tilførselsvegane til det nye Sotrasambandet - Nord/sør trasear i Fjell og Sund lyt oppgraderast/utbyggjast i samsvar med vedtekne kommunedelplanar og synkroniserast med Sotrasambandet. - Vegen til Askøy og trafikksituasjonen v/Liavatnet/Storavatnet lyt avklarast og få si tenleg løysing. - Løyvingane til Fylkesvegnettet lyta ukast monaleg såleis at: Askøypakken vert lagt inn først i perioden Sambandet Vest/Tverrsambandet vert tidfesta Bybanen i Bergen vert utbygd vidare/forsert m.a. mot vest Mogeleggjering av andre prioriterte prosjekt - I sør lyt fylkesveg 556 på sikt gjerast ferjefri for å få eit ringvegssystem som avlastar heile regionen. -
16/12	<p>Næring ó organisering og fokus</p> <p>Næringsaktiviteten i regionen er særst viktig og er ein vesentlig del av grunnlaget for den positive utviklinga regionen opplever. Kommunane i Vest er attraktive, har eit næringsliv som er i fremste klasse, med produksjon frå minste skala til verdsklasse. Kompetansen er høg og ein rekrutterer og konkurrerer om arbeidskraft og tiltrekkjer seg dei beste. Kommunane har vore opptekne av fortrinna sine og legg tilhøva til rette for stadig beste utvikling.</p> <p>Næringsverksemda i kommunal samanheng har ein tenleg overbygning med medlemskap i BRB, Business Region Bergen, som har eit vidfemnande ansvar i heile Bergensregionen. Ein opplever at dette er ein god ståstad med innbyrdes nytteverknad, både for den enkelte kommune, Regionen i vest og Bergensregionen.</p> <p>Kommunane Fjell, Øygarden og Sund har sitt eige selskap, Gode Sirklar A/S, med ein god organisasjonsform som i prinsippet er svært så fleksibel. Med sekretariatsfunksjon knytt til Sintef er modellen framtidssretta og har dei beste føresetnader.</p> <p>Askøy kommune valde i si tid å satsa på eigne krefter i sin næringsorganisasjon og har lukkast svært godt med den modellen.</p> <p>Då Regionrådet Vest vart etablert for nokre år sidan innleidde dei 4 kommunane eit godt samarbeid og la tilhøva til rette for samarbeid mellom næringssjef i Askøy og Gode Sirklar A/S. Dette samarbeidet har gitt gode resultat og fungerer godt.</p> <p>Det har vore på tale å sjå nærare på denne organisasjonsforma, eventuelt med tanke på eit endå tettare samarbeid med å invitera Askøy inn i selskapet Gode Sirklar A/S.</p> <p>Dette har ikkje vore teke opp til realitetshandsaming, men ein har latt samarbeidet få utvikla seg vidare i dei åra Regionrådet har eksistert, og hatt fleire omfattande tema til handsaming i Regionrådet sitt styre, der innspela har vore gjort av Gode Sirklar A/S og Næringssjefen saman ó og med godt resultat.</p> <p>Det har den siste tida vore drøfta nærare å replasere eigenkapitalen i selskapet frå eigarane si side. Fyrst og fremst for å ha tenleg arbeidskapital og god soliditet. Dette er delvis på plass på det noverande tidspunkt.</p> <p>Rådmennene har drøfta selskapsstrukturen/organisasjonsmodellen og ser det føremålstenleg å halda fram med ein todelt modell og gjerne styrka samarbeidet endå betre, men utan at dette vert formalisert med noko alternativ eigarskap i høve nosituasjonen.</p> <p>Regionrådet Vest sitt styre er eit godt og tenleg reiskap til å gje dei naudsynte innspel og signal til organisasjonen. Dette av di det er samansett av ordførarane i Regionen og av di styret i Gode Sirklar</p>

	<p>A/S er samansett av dei tre ordførarane i Fjell, Sund og Øygarden.</p> <p>Dette inneber som no, at ein har eit bevisst auga på den juridiske og økonomiske sida av modellen og oppdraga som vert gjevne. Kostnadsdelinga lyt vera som no ved at Askøy dekkjer sine utlegg ved sitt eige tenesteapparat, medan dei tre andre kommunane dekkjer Gode Sirklar A/S sitt engasjement.</p> <p>Rådmennene handsama saka i sitt møte 14. mai og tilrår følgande:</p> <p><u>Konklusjon:</u> Det noverande næringssamarbeid mellom næringssjefen i Askøy og Gode sirklar A/S held fram som ein tenleg og god modell for dei fire kommunane sin næringsfunksjon i Regionen. Styret i Regionrådet Vest har som oppgåve å samordna innsatsen på næringsida.</p>
17/12	<p>Tinget i Vest</p> <p>Etter møteplanen er Tinget i Vest sett på dagsorden den 17. sept. 2012.</p> <p>Denne gongen er det Øygarden som vert tingstad.</p> <p>Rådmennene drøfta på sitt møte i mars mogelege tema for neste tingsete. Tilrådinga derifrå var å sjå nærare på ein planstrategi for regionen ó gjerne i eit prosessorientert arbeid i tinget.</p> <p>Leiaren syner til sist møte i Tinget og peikar på ynskje om nærare involvering i dei prosjektarbeid som er på gang.</p> <p>På bakgrunn av dette vil det vera føremålstenleg å invitera dei ymse prosjektleiarane til møte å foreta ein gjennomgang av dei største prosjekta som no er undervegs</p> <p>Vidare vil det vera tenleg i den politiske debatten omkring dei felles prosjekta å utfordra det politiske miljø til peika på den vidare retning og satsingsområder og såleis la tingseta meisla ut det strategiske samarbeidet framover i Regionen.</p> <p><u>Konklusjon</u> Det vert arbeid vidare med ei førebuing av tingseta i september der involvering og eigarskap til pågåande prosjektarbeid, samt vidare strategisk samarbeid står sentralt.</p>
18/12	<p>Evaluering av samarbeid i vest</p> <p>På bakgrunn av Tingseta sist og elles samarbeidet undervegs er det ytra ynskje om ei fortløpande evaluering av regionsamarbeidet.</p> <p>Tema vert sett på dagsorden.</p>
19/12	<p>Meldingar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kommunal planstrategi - Byggeprosjekt lokalmedisinsk senter ó mandat for styringsgruppe - Oversikt over regionale prosjekt som har fått skjønsmidlar (vedlegg)

VEDLEGG

SAK 09/12 REFERAT FRÅ MØTET 23.01.12

Til stades:

Ordførar Eli Årdal Berland
Ordførar Siv Høgtun
Ordførar Otto Harketstad
Ordførar og styreleiar Ove Bernt Trellevik

Rådmann Torgeir Sæter
Rådmann Steinar Nesse
Rådmann Gerhard Inge Storebø
Fungerande Rådmann Marit Rinnan

Sekretariat: Per Hillestad (ref)
Informasjonsrådgjevar Vagleik Brekke

Dessutan møtte:

Adm dir Algerøy BRB, sak 1 og 2
Kommunikasjonssjef Tone Hartveit BRB sak 1 og 2
Rådgjevar Totland BRB, sak 1 og 2
Næringsjef Bård Sandal, sak 1 og 2 og 3
Ordførar Nils Marton Aadland , sak 3
Konsulent Helge Hopen, sak 3

SAK 1/12 PRIORITERINGAR OG SATSINGSOMRÅDE 6 STRATEGISK NÆRINGSPLAN. RAPPORT OM BEHOV FOR NÆRINGSAREAL.

Adm dir Algerøy presenterte BBR sin ferske rapport om m.a. trong for næringsareal i Bergensregionen. Dei neste 20 åra er det venta ein befolkningsauke på om lag 110 000 innbyggjarar. Det er trong for 10 - 15 tusen dekar næringsareal i Bergensregionen.

Det er viktig med forpliktande interkommunalt samarbeid for tilrettelegging for denne utviklinga.

Næringsjef Bård Sandal gjekk gjennom prioriterte tiltak elles i næringsplanen for Regionrådet Vest sitt vedkomande.

Vedtak
Orienteringane vart tekne til etterretning

SAK 2/12 PRESENTASJON AV FORPROSJEKT SAMBANDET VEST/TVERRSAMBANDET.

Styreleiar Nils Marton Aadland og prosjetansvarleg Helge Hopen gjekk gjennom og orienterte om status på Sambandet Vest som no er synleggjort i eit forprosjekt..

Det vart vist til ulike alternative trafikkutrekningar og effekter på noverande trafikkmonster der dei lokale verknadene vart understreka som mest tydelege, med vesentleg innsparing i reisetid.

Prosjektet vil dessutan ha stor verknad for risiko og sårbare samband i dag.

Søkjer omtale i Nasjonal Transportplan 2013 for prioritering i neste Transportplan 2017, med byggjearstart 2020.

Prosjektet er kostnadsrekna til nærare 2 milliardar kr.

Vedtak.
Saka vart teken til etterretning

SAK 3/12 REFERAT FRÅ FORRIGE MØTE.

Vedtak.
Referatet godkjent.

SAK 4/12 VEDTEKTENE I REGIONRÅDET.

Styret drøfta ulike tilnærmingar/modellar for den økonomiske ordninga i vedtektene for Regionrådet.

Vedtak.

Saka utsett til neste møte.

SAK 5/12 KULTURMINNEVERN Ó FELLES KONSULENT FOR BYGNINGSVERN

Det vart drøfta oppretting av ein felles stilling som bygningsvernkonsulent.

Det er aktuelt med eit spleiselag der fylkeskommunen dekkjer 50% av kostnadene.

Det er søkt om delfinansiering av skjønsmidlar i tillegg.

Vedtak

Det vert laga felles sak om stillinga for dei fire kommunane.

SAK 6/12 FØREBUING TINGET I VEST 13. FEBRUAR 2012

Styret drøfta ulike gjester til tingseta og ulike tema samt tidspunkt for møtet.

Vedtak

Fylkeskommunen v/fylkesordføraren, evt fylkesrådmannen eller Politimesteren i Hordaland vert førespurd som gjest.

Dato 13. februar vert prioritert.

Vert avsett god tid til politisk drøfting om samarbeid/prosjekt og vegen vidare.

SAK 7/12 STYREREPRESENTASJON

Styret drøfta korleis dei fire kommunane kunne samkjøre styrerepresentasjon i regionen.

Vedtak

Semje om samordning av verv i råd/styre med politiske kontakt i forkant av val.

SAK 8/12 MELDINGAR

Regionrådet har gjeve uttale til Fylkeskommunen om rullering av skulebruksplan og TAF

Melding om status for planane om lokalmedisinsk senter på Straume.

Vedtak

Meldingane vart tekne til etterretning.

SAK 11/12 SJØLVBYGGARPROSJEKTET

1. MANDAT

Styret i Regionråd Vest har bedt om ei utgreiing om det kan vere grunnlag for samarbeid mellom dei fire kommunane Askøy, Sund, Fjell og Øygarden knytt til bustadbygging / sjølvbygging for vanskelegstilte.

Målgruppa er personar med spesielle vanskar, som finn det vanskelig å etablere seg på bustadmarknaden.

Sjølvbyggjarane kan vere engasjert i planlegging og praktisk arbeid knytt til oppføring og rehabilitering av eigen bustad. Trigger AS kan vere aktuell som gjennomfører av moglege løysing/ bygging. Øygarden kommune er peika ut til å leie arbeidet i eit forprosjekt.

Mandat og rammer

Leiing og organisering

- Rådgjevar Jarle Kåre Oen, Øygarden kommune, er leiar og koordinator for arbeidet.
- Kvar kommune peikar ut ein tilsett som skal vere med i arbeidsgruppa. Gruppa skal lage utgreiinga til Regionråd Vest.
- Husbanken vert invitert til å stille med ein representant i arbeidet.

Innhald

Arbeidsgruppa skal;

- Avklare mogelege løysingar for sjølvbyggjarprosjekt i regionen
 - Kva handlingsrom gir lover, reglar, finansieringskjelder
 - Skisse på mogelege løysingar
 - Økonomiske rammer for kommunane, sjølvbyggjarane og mogelege samarbeidspartar
 - Kommunane si rolle ó tomter, økonomi, anna
 - Husbanken si rolle ó økonomi, tilrettelegging, anna
 - Trigger, andre aktørar si rolle ó gjennomføring, økonomi, ansvar, anna
 - NAV, andre ó rolle, økonomi, deltaking
- På basis av dette avklare om det kan vere grunnlag for samarbeid mellom dei fire kommunane
- Skissere vidare arbeid dersom det er grunnlag for samarbeid

Framdrift

Arbeidet bør delast inn i fasar.

Fase 1: Kartlegge, avklare og komme med skisser til mogelege løysingar ó jfr pkt om öInnhaldö ovanfor
Melde dette til rådmannsgruppa og styret i Regionråd Vest.
Frist 01.06.2012.

Fase 2: Avhengig om det er grunnlag for samarbeid. Dersom ja, konkretisere prosjekt med mandat, deltakarar, finansiering, framdrift, anna.
Frist 01.10.2012

Økonomi

I første fase skal kvar kommune dekke utgiftene til sine tilsette som deltek i arbeidet. I neste fase ó dersom det er grunnlag for samarbeid ó vil Regionråd Vest søkje om delfinansiering frå Husbanken for prosjektet.

2. ARBEIDSGRUPPE

Melding til alle kommunar + Husbanken med førespurnad om oppnemning av representant i tråd med mandatet, vart sendt i slutten av november 2011. Desse vart oppnemnd: Sund kommune - Inge Ekerhovd og Husbanken - Olav Ohnstad. Fjell og Askøy, til tross for purringar, har ikkje oppnemnd representantar / ikkje svara på henvendinga.

3. ORGANISERING

Dei fire kommunane har alle vedteke bustadsosiale handlingsplanar og har ulike modellar i måten ein organiserer det bustadsosiale arbeidet. Det kan vera ulike behov og prioriteringar som ligg til grunn for dette. Ei betre kartlegging og meir fullstendig oversikt hadde vore ønskjeleg med alle kommunane representert i arbeidsgruppa.

4. OPPSTARTMØTE MED HUSBANKEN

Til tross for manglande representasjon frå Fjell og Askøy, starta vi med eit møte i Husbanken 19. januar 2012. Til stades vart Inge Ekerhovd, Olav Onstad, Frode Hovlandsdal og Jarle Kåre Oen.

Husbanken konkluderte med at det var lite sannsynleg at ein søknad om kompetansemidlar til sjølvbyggprosjektet ville bli innvilga, sjølv om dette er interkommunalt forankra. Dette konseptet er alt utprøvd via Melandsmodellen og gitt midlar til. Husbanken syntte også til internt notat "Selvbygg 2011, behov for en ny strategi". Der vert det peika

på at nytt regelverk, t.d. i plan og bygningslov og lov om offentlig anskaffelse, kompliserer gjennomføring av sjølvbyggarmodellen. Husbanken tilrår at andre verkemiddel vert prioriterte for å skaffa vanskelegstilte bustad.

Dersom regionen / dei fire kommunane kan utvikla ein felles metode og samarbeidsplattform for å skaffa bustader til vanskelegstilte, kan dette vera meir interessant for Husbanken å vurdere i høve til kompetansemidlar.

5. VIDARE OPPFØLGJING

Etter møtet med Husbanken har prosessen stogga opp. Rådmann Torgeir Sæter har signalisert at arbeidsgruppa kan utvida mandatet til å gjelda eit interkommunalt samarbeid som går utover sjølvbyggarmodellen. Forsøket med representasjon frå alle kommunane i arbeidsgruppa lukkast ikkje. Representantane frå Sund og Øygarden ønskjer ikkje å gå vidare utan at det to største kommunane er med.

Regionrådet må signalisera om prosjektet skal vidareførast, og med kva for føringar.

Jarle Kåre Oen
Prosjektkoordinator

SAK 11/12 SJØLVBYGGARPROSJEKTET SAK 12/12 BETRE SAMAN FOR BARNA SAK 13/12 PLAN OG BYGGESAK

SAMARBEIDSPROSJEKTER 6 STATUS OG AVKLARINGER

Regionråd Vest har etablert ulike samarbeidsprosjekt. Som prosjektleder i Askøy/ Region Vest har jeg ansvar for disse prosjektene:

- öBetre saman for barnö
- Plan og byggesak, med flere delprosjekt
- Rusomsorg

Notatet omhandler disse prosjektene, med status og innspill til avklaringer for videre arbeid. Som prosjektleder ber jeg om tilbakemeldinger på status og planer for videre innsats.

BETRE SAMAN FOR BARNA

Hovedprosjektet startet i august 2011, men hadde en noe redusert aktivitet fram til april 2012. Fylkesmannen har tildelt prosjektet kr 250.000 for 2012, samt at det er overført kr 275.000 i unyttede øremerkede midler fra 2011. Økonomisk ramme for 2012 er dermed kr 525.000.

Status:

- Prosjektgruppen er utvidet med en representant fra Bufetat og en fra Helse Bergen.
- Igangsatte tiltak/ arbeidsgrupper:
 - Oppfølging fosterhjemsplasserte barn
 - Vurderer ulike samarbeidstiltak, deriblant etablering av et felles kontor/avdeling for denne tjenesten. Vertskommuneløsning mest aktuelt. Utredningen fra arbeidsgruppen planlagt ferdig før sommerferien, kan bli vanskelig.
 - Karrierebygging
 - Utreder hvordan tilby karriereveier som blir opplevd som utviklende og gode, slik at dyktige fagfolk blir i kommunen istedenfor å søke seg til jobber i stat/ andre steder.
 - Arbeidsvilkår
 - Vurderer arbeidsavtaler og órdninger som er mer tilpasset faktiske arbeidstider og óppgaver i barnevernet. Blant annet relatert til faktisk døgnbasert vaktberedskap.
 - Kompetanseplan
 - Få på plass en kompetanseplan som er med på å gi et faglig og tverrfaglig løft utover det den enkelte kommune kan tilby.
- Planlagte tiltak/ arbeidsgrupper:

Her vil vi høste erfaringer fra prosjektene i Sunnhordland, Bergen og andre.

Ulovlig bygging, tilsyn

Det skal utredes interkommunalt samarbeid i Region Vest om ulovlig bygging og tilsyn. Foretakstilsyn er ett av fokusområdene.

Oppmåling, karttjenester

Prosjektet skal utrede hva som er mulige gode løsninger for nærmere samarbeid innen områdene oppmåling og karttjenester for de fire kommunene Askøy, Sund, Fjell og Øygarden.

Attraktive arbeidsplasser

Arbeidsplassene innen plan og byggesak skal oppleves som attraktive og konkurransedyktige i forhold til å rekruttere og beholde dyktige medarbeidere.

Rammer

Organisering

Prosjekteier: Styret for Regionrådet Vest
Styringsgruppe: Rådmanngruppen
Prosjektleder: Torgeir Sæter
Prosjektgruppe: Knut Natlandsmyr, fagsjef arealbruk, Askøy
Øyvind Lunde, einingsleiar plan og forvaltning, Øygarden
Bjørn Erik Kristiansen, konst plan og utbygningssjef, Fjell
Frode Glesnes, einingsleiar for Areal, Drift og Service, Sund
Prosjektgruppen kan bli utvidet underveis.

Arbeidsgrupper: Det vil bli etablert arbeidsgrupper avhengig av hva prosjektet vil ha fokus på og få utredet. Ved oppstart er disse arbeidsgruppene etablert;

- Arealplan
- Byggesak, strandsone
- Ulovlig bygging, tilsyn
- Oppmåling, karttjenester

Framdrift

Deler av prosjektet er blitt arbeidet med siden 2010, men et samordnet oppstart skjedde i april 2012. Videre framdrift;

2012 mai ó desember	utredninger, forslag på tiltak, fagsamlinger, etablering av kurante tiltak
2013 januar ó februar	evaluering i Regionrådet Vest, avklaring videre innsats
2013 februar ó desember	realisering av tiltak, oppfølging av evaluering
2013 desember	prosjektet avsluttes, med åpning for videre innsats om evaluering finner det hensiktsmessig

Økonomi

Det er til sammen mottatt tilskudd fra Fylkesmannen på 1,050 mill kroner til de ulike delprosjektene. Noe av midlene er benyttet i 2010 og 2011.

Kommunene betaler selv utgifter til møter, lønn til prosjektdeltakere og annet knyttet til det ordinære prosjektarbeidet. Prosjektledelse, eksterne samlinger, innleid konsulentbistand og lengre reiser blir dekt fra prosjektet.

Det vil bli søkt om eksterne tilskudd også for 2013.

Avklaringer:

- Er det kommentarer til status?
- Er det innspill til justeringer eller endringer i de planer som er skissert?

RUSOMSORG

På Regionrådet Vest sin samling på Panorama Hotell i 2011 la avdelingsdirektør Ola Jøsendal fra Helse Bergen fram en tanke om et utvidet samarbeid innen rusomsorgen for Region Vest, Helse Bergen og Blå Kors, Askøy. Både ordførere og rådmenn gav tilbakemelding om at dette er interessant, og bør utredes nærmere.

Kommunene i vest sliter alle med rusmisbrukere. Fagfeltet er krevende og velegnet for samarbeid på tvers av kommunegrensar. Tanken er om spesialisthelsetjenesten og kommunene kunne utvikle noe sammen på området til Askøy Blå Kors. Hovedutfordringen for spesialisthelsetjenesten er hva som skjer med pasienten etter at behandlingen hos Helse Bergen er avsluttet. Likedan er det en stor utfordring for kommunen hvordan følge opp rusmisbrukere etter utskriving fra spesialisthelsetjenesten, og hvordan få rask hjelp fra andrelinjetjenesten når pasienten får tilbakefall.

En mulig skisse er at Helse Bergen står for utviklingen av et spesialisttilbud mens kommunene på samme området etablerer et botilbud med noe tilsyn. Gjennom en slik løsnig kunne det samlede tilbudet for pasienten bli fleksibelt og av god kvalitet. Tilbudet ville m.a. sikra at det blir sammenheng i behandlingen mellom de to nivåene ó spesialisthelsetjenesten og kommunehelsetjenesten. Samtidig vil en kunna utvikle kompetansen i begge tjenestene. Nødvendig utbygging til boliger kan gjøres i et samarbeid med eieren av bygg og område, dvs. Blå Kors, men deres interesse må avklares gjennom samtaler. Husbanken vil og være en viktig samarbeidspart.

Det er avholdt sonderingsmøter mellom Helse Bergen og Region Vest. Videre arbeid er tenkt slik:

- Møter med kommunene i Region Vest, Helse Bergen og andre for å utgreie mulige løsniger.
- Helse Bergen lager en faglig skisse på et mulig opplegg
- Kartlegging i de fire kommunene på hva som i dag brukes til oppfølging av rusmisbrukere, og som kan være aktuelt å omdisponere til dette samarbeidstiltaket
- Dialog med Blå Kors som byggeier. Hva ser de for seg, erfaringer fra andre steder i landet (Kristiansand), skisser til mulige alternativ
- Kontakte Husbanken om tilskuddsrammer for bygging av boliger
- Søke Helsedirektoratet/ andre om tilskudd til prosjekt/ drift
- Sak opp til styret i Regionråd Vest, deretter kommunestyret for eventuell klarering for mer konkrete og forpliktende utredninger/ iverksetting.

Bergen kommune og Helse Bergen vil inngå en lignende avtale som er skissert for Region Vest. Bergen kommune regner med å ha sine boliger til formålet klare høsten 2013.

Avklaringer:

- Er det kommentarer til status?
- Er det innspill til justeringer eller endringer i de planer som er skissert?

Torgeir Sæter
prosjektleder

SAK 14/12 VEDTEKTER I REGIONRÅDET

Regionrådet Vest - vedtekter

Vedtektene er utforma både på bokmål og nynorsk.

§ 1 Føremål

Regionrådet Vest er eit rådgjevande og koordinerande organ for kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden. Regionrådet skal fremja forpliktande samarbeid mellom kommunane, og vidareutvikling av regionen.

§ 2 Medlemskap

Kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden er med i regionrådet.

§ 3 Regionstyret

Kommunane er representerte i regionstyret med sine fire ordførarar.

Regionstyret er funksjonsdyktig når 3 av medlemmane er til stades.

Kvar ordførar har 1 stemme.

Varaordførarane trer inn i regionstyret ved dei respektive ordførarar sine forfall.

Regionstyret sin leiar og nestleiar vert vald mellom ordførarane, for 2 år av gangen.

Ved likt stemmetal tel leiaren si stemme dobbelt.

Rådmenna i dei deltakande kommunane har tale- og forslagsrett i regionstyret sine møte.

§ 4 Sekretariat

Sekretariatet vert ivareteke av medlemskommunane. Sekretariatsfunksjonen går på omgang,

med 2 års lengd i kvar kommune.

§ 5 Kontingent

Medlemskontingent vert utrekna etter ein modell med 50% flatt og 50% etter innbyggjartal.

§ 6 Vedtektsendring

Endring av vedtektene må gjerast med 2/3 fleirtal av eit fulltalig styre og godkjennast i kommunestyra.

§ 7 Utmelding

Utmelding frå regionrådet kan finna stad pr. 01.01 kvart år og vil bli gjort gjeldande frå 01.01 påfølgjande år. Kommunar som melder seg ut må stå ved sine økonomiske forpliktingar som er utrekna etter kommunen sitt folketal. Frå tidspunktet for utmelding mister kommunen sin plass i regionstyret.

§ 8 Oppløysing

Vedtak om oppløysing av Regionrådet Vest vert gjort med 2/3 fleirtal av eit fulltalig styre og etter godkjenning av kommunestyra.

SAK 19/12 MELDINGAR

KOMMUNAL PLANSTRATEGI - REGIONRÅDET VEST

I Plan og bygningslova er det lagt inn krav om kommunal planstrategi som nytt verktøy i den kommunale planlegginga.

Føremålet er å klargjera kva planoppgåver ein bør starta opp eller vidareføra for å leggja til rette for ei ynskt utvikling.

Regionrådet Vest har no vore i funksjon i vel 2 år.

Føremålet med etableringa var å skipa eit rådgevande og koordinerande organ for kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden. Regionrådet skal fremja forpliktande samarbeid mellom kommunane, og vidareutvikling av regionen.

Dei fire kommunane i Vest har geografisk nærleik til kvarandre, er naturleg arrondert og representerer ein region med eit rikt mangfald, og er i stor vekst.

Næringslivet er variert med industrielt tyngdepunkt innan subsea, olje/gass og marin næring.

Regionen har eit mangfald av samarbeidsprosjekt i tenesteapparatet, både av mindre og større storleik. Dette gjer seg gjeldande på ei rekkje områder, men ein vel å peika særskilt på:

- Samhandlingsreforma ó Betre Saman
- Barnevern ó Betre saman for barna.
- Regional utvikling/tenesteproduksjon
- Kultursamarbeid
- Næringsssamarbeid Gode Sirklar A/S, Næringsssjef
- Ymse tilsynsordningar
- Felles Ansvar ó førebyggjing rus og kriminalitet blant ungdom i regionen
- Oppstart av Arealplan og byggjesaksarbeid..
- IKT ó strategi.

Tilhøva ligg til rette for eit samarbeid i ein saumlaus region der m.a. komparative fortrinn kan vera styrande for aktivitetsfordeling og satsingsområder.

I prosjektet Regional utvikling/tenesteproduksjon/betre kommunar gjennom utvida samarbeid vert det peika på fylgjande mål for samarbeid:

- Riktig deling mellom tenesteoråder
- God fordeling av tenester mellom brukargrupper
- Nå planlagde mål i tenestene
- Utnytte kapasitet ó best mogeleg tilrettelagt
- Tenester med lavare kostnader og høgare kvalitet.

Det er naturleg å samarbeida på fylgjande måtar:

- Læra av kvarandre

- Felles utviklingsarbeid
- Kjøp/sal av tenester på kommunegrensene
- Kjøp/sal av tenester for utnytting av kapasitet
- Fagleg administrativt samarbeid
- Felles system
- Felles vaktordningar
- Felles alarmsentral
- Felles støttefunksjonar
- Felles leing av mindre tenesteområder
- Felles verksemnd
- Felles selskap/juridiske personar

Alle dei igangsette prosjekta kommunane har sett i gong har element av dei skisserte mål og tilrådde arbeidsmåtar.

I denne planstrategien er det viktig å peika på det potensiale som ligg føre og synleggjera dei mogelege tema for nærare fokus og planarbeid.

Dei økonomiske incentiva er til stades ó det ligg såleis føre eit vesentleg økonomisk potensiale for innsparing.

Eit særleg prinsipielt og strategisk planarbeid som no vert sett i gong er prosjektet Plan og byggesak. Det vil her vera naturleg med oppfylgjingsarbeid på ei rekkje planområder når dette arbeidet får ei god framdrift.

BYGGPROSJEKT LOKALMEDISINSK SENTER Ó MANDAT FOR STYRINGSGRUPPE

Til: Helse Bergen HF, Askøy kommune, Sund kommune og Øygarden kommune

Frå: Rådmannen i Fjell kommune

Byggeprosjektet lokalmedisinsk senter ó mandat for styringsgruppe

Bakgrunn

Helse Bergen og kommunane i vest har i lang tid utvikla eit nært samarbeid i tråd med samhandlingsreforma. Dette samarbeidet har m.a. resultert i prosjektrapporten öBetre samanö (okt.2009) der det vart skissert at partane først skulle etablera og driva ei intermediær eining på Straume for så å byggja eit lokalmedisinsk senter seinare. Alle partar slutta seg til dette. I tillegg vart det semje om å planleggja ei lindrande eining på Askøy, eit tiltak som vert etablert hausten 2012.

Prosjektgruppa for öBetre samanö har også utvikla eit plangrunnlaget for det lokalmedisinske senteret og det er nedfelt i notat av 15.12.2011. Kommunane og Helse Bergen har fått tilsendt notatet med tilhøyrande saksutgreiing. Dei har anten slutta seg til plangrunnlaget i eige vedtak eller teke det til orientering. Fjell kommunestyre gjorde for sin del slikt vedtak i møte 26.01.2012:

1. Kommunestyret godkjenner plangrunnlaget for lokalmedisinsk senter slik det går fram av notat av 15.12.2011.

2. Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å engasjera arkitekt slik at det kan utformast eit skisseprosjekt til godkjenning i Helse Bergen og kommunane.

3. Kommunestyret legg elles til grunn at sjølv byggjeprojektet vert organisert slik at god forankring i kommunar og helseføretak vert sikra.

Straume+

Kommunestyret i Fjell har i kapitalbudsjettet sett av førebelse midlar til dekning av planlegging og byggjekostnader. Prosjektgruppa for öBetre samanö har i medhald av punkt 3 i kommunestyret sitt vedtak av 26.01.2012 drøfta organiseringa av byggeprosjektet og dette notatet byggjer på desse drøftingane.

	100.000 (2010) + 300 000 (2111) (Øygarden)		
Plan	Etablering av interkommunalt arealplansamarbeid i Region Vest. Periode til 31.12.12 (Fjell)	500 000	500 000
Ulovleg bygg	Interkommunalt samarbeid mot ulovleg bygging-tilsyn. Samarbeid region vest.	150 000	150 000
Bygningsvern	Bygningsvernkonsulent. Regional kulturminneplan (periode 3 år) (Fjell)	780 000	200 000